

Lokal Agenda **21** fylke

HANDLINGSPROGRAM 2000



KOPI AV VEDTAK:

Komite for miljø og samferdsel

21.02.00

Ottar Tangen og Cathrin Rustøen (FRP) sette fram slikt alternativt forslag til innstilling

Grunna den særst vanskelege økonomiske situasjonen vedgåande transport av funksjonshemma, vert dei disponible midlane (Kap. 1.4760 «miljø») overført frå sak 18/00 Lokal Agenda 21, til sak 26/00 for å betra situasjonen for dei funksjonshemma i Hordaland.

Røysting

Ottar Tangen og Cathrin Rustøen sitt forslag til alternativ innstilling fekk 3 røyster (FRP) og fall

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart vedteke mot 3 røyster (FRP)

INNSTILLING

1. Fylkesutvalet sluttar seg til satsingsområda for Lokal Agenda 21 som kjem fram i Handlingsprogrammet 2000 (vedlegg).
2. Dei disponible midlane (Kap. 1.4760 «Miljø» for 2000 vert fordelt slik:

Regionale LA 21 møteplassar og støtte til LA 21 prosjekt i kommunane	375 000,-
Miljøpris/Samarbeid om «Pris for beste lokalsamfunnsvisjon»	50 000,-
Hordaland på sykkel (nytt tiltak)	30 000,-
Fylkesdelplan vindkraft	220 000,-
Fylkesdelplan energi	350 000,-
Biologisk mangfald (resipientdata i eit GIS-system)	4 000,-
Sum	<u>1029 000,-</u>

Sigrun Sangolt Natås sette fram slikt alternativt forslag:

"Fylkesutvalet vedtek at grunna den sær s vanskelege økonomiske situasjonen for transport av funksjonshemma, vert dei disponible midlane Kap. 1.4760 «miljø» overført frå FU sak 66/00 Lokal Agenda 21, til FU sak 82/00 for å betra situasjonen for dei funksjonshemma i Hordaland."

Røysting

Innstillinga vart vedtatt med 13 røyster mot 2 (Frp) for Sigrun Sangolt Natås sitt forslag.

VEDTAK

1. Fylkesutvalet sluttar seg til satsingsområda for Lokal Agenda 21 som kjem fram i Handlingsprogrammet 2000 (vedlegg).
2. Dei disponible midlane (Kap. 1.4760 «Miljø» for 2000 vert fordelt slik:

Regionale LA 21 møteplassar og støtte til LA 21 prosjekt i kommunane	375 000,-
Miljøpris/Samarbeid om «Pris for beste lokalsamfunnsvisjon»	50 000,-
Hordaland på sykkel (nytt tiltak)	30 000,-
Fylkesdelplan vindkraft	220 000,-
Fylkesdelplan energi	350 000,-
Biologisk mangfald (resipientdata i eit GIS-system)	4 000,-
Sum	<u>1029 000,-</u>

Innhald

1. LA-21 programmet for Hordaland.....	2
2. Status og forslag til aktivitetar i 2000.....	2
2.1. Dagsorden for samarbeid med kommunar, næringsliv og tredje sektor	2
2.1.1. Regionale LA 21 møteplassar og støtte til LA 21 prosjekt i kommunane.....	2
2.1.2. Miljøprisen for Hordaland	3
2.1.3. Miljørapport for Hordaland	3
2.1.4. Hordaland på sykkel (nytt tiltak).....	4
2.2. Dagsorden for kontakt med nasjonalt og regionalt nivå	4
2.3. Dagsorden for internasjonalt samarbeid	4
2.3.1. North Sea Commission Environmental Group- NSCEG	4
2.4. Dagsorden for eiga handling i fylkeskommunen	4
2.4.1. Grønt og utviklingsretta innkjøp	4
2.4.2. Energibruk i eigne bygg.....	5
2.4.3. Elevmedverknad i miljøarbeidet.....	5
2.5. Dagsorden for vidare planlegging	5
2.5.1. Energiplan for Hordaland	5
2.5.2. Fylkesdelplan for vindkraft.....	5
2.5.3. Biologisk mangfald (resipientdata i eit GIS-system)	5
3. Budsjett 2000	6

1. LA-21 programmet for Hordaland

I 1997 vart eit program for LA-21 for Hordaland fylkeskommune vedteke. Programmet var bygget opp med *fem dagsorden (innsatsområder)*. Desse er:

1. *Dagsorden for samarbeid med kommunar, næringsliv og tredje sektor*
2. *Dagsorden for kontakt med nasjonalt og regionalt nivå*
3. *Dagsorden for internasjonalt samarbeid*
4. *Dagsorden for eiga handling i fylkeskommunen*
5. *Dagsorden for vidare planlegging*

Innafor kvar dagsorden er det foreslått prosjekt. Det er lagt opp til ein hovudrevisjon av LA-21-programmet i løpet av året. I handlingsprogrammet for 2000 er det laga ei oversikt over status for prosjekt og arbeidsoppgåver som vart prioritert i 1999 og framlegg til evt. vidareføring i 2000. Det vert foreslått nokon nye prosjekt.

2. Status og forslag til aktivitetar i 2000

I 1999 var det avsett kr 1 264 200,- til miljø/LA-21 fordelt på 8 ulike prosjekt.

Prosjekt	Budsjett 1999
Støtte til regionale LA 21 møteplassar, prosessar og prosjekt i kommunane	300.000,-
Miljøprisen for Hordaland	45 000,-
Miljørapport for Hordaland	50 000,-
Elevmedverknad i miljøarbeidet	50 000,-
Energiplan for Hordaland	349 200,-
Vindenergi	400 000,-
Energibruk i eigne bygg	50 000,-
Biologisk mangfald	20 000,-
SUM	<u>1.264 200,-</u>

2.1. Dagsorden for samarbeid med kommunar, næringsliv og tredje sektor

2.1.1. Regionale LA 21 møteplassar og støtte til LA 21 prosjekt i kommunane

Status

Lokal Agenda 21 (LA-21) er lokalsamfunna sin oppfølging av miljø- og utviklings-konferansen i 1992 i Rio i 1992. Fylkeskommunen ser på Lokal Agenda 21 som eit viktig satsingsområde for å oppnå ei berekraftig utvikling. Målet er at lokalsamfunna sjølve skal utvikle ein dagsorden for korleis dei vil medverke til dette. Hordaland Fylkeskommune ynskjer at kommunane skal ta eit ansvar for LA-21arbeidet. Fylkeskommunen sin rolle i denne samanheng er å stimulere kommunane i dette viktige arbeidet ved å støtte lokale initiativ og for å få i gang prosessar.

I 1999 kom det inn søknader frå 14 kommunar på 27 ulike prosjekt til ein kostnad på vel 1mill. kroner. Tabellen under syner ei oversikt over prosjekt som fikk støtte i 1999:

Prosjekt	Kommune	Tilskott 1999
Kommunal møteplass, Kurs for tilsette	Askøy kommune	10 000,-
«Miljøfyrtårn»	Askøy kommune	20 000,-
«Bæreposeaksjon»	Askøy kommune	5 000,-
Oppstart av LA21/informasjonsmøte	Austevoll kommune	15 000,-
Kurs i LA-21 i samband med bydelsreforma	Bergen kommune	15 000,-

Bergen Forum 21 på gateplan	Bergen kommune	20 000,-
«Naust 2000»	Bømlo kommune	15 000,-
«LA-21 i Velforeningane sitt fellesutval»	Fjell kommune	15 000,-
«Holmsund i Nordheimsund»	Kvam herad	15 000,-
«Levande Nærmiljø Ålvik»	Kvam herad	15 000,-
«Miljøkalendar»	Kvinnherad kommune	30 000,-
«Miljøsertifisering»	Kvinnherad kommune	10 000,-
«Prosjekt Kyst»	Radøy	30 000,-
«Visningsleir Småbrekke i Bergsdalen»	Vaksdal	25 000,-
«Bygdekafe i Bolstadøyri	Voss	15 000,-
«Grøn mil» (Knarvik-mila)	Lindås	30 000,-
Sum		300 000,-

Kommunane har gjeve klårt uttrykk for at dette er ein svært positiv måte å stimulere igangsetjing av lokale LA 21 prosessar. Det er kome forslag frå fylkesutvalet i sak 64/99 «Årsbudsjett- Økonomiplan 200-2003», den 08.12.99, om å auke denne posten i 2000.

Vidareføring i 2000

For 2000 ser vi det som viktig at bruken av midlane vert koordinert gjennom det samla arbeidet i det regionale knutepunkt og i størst mogeleg grad samordna med andre regionale midlar til bruk i LA 21 arbeidet (Fylkesmannen i Hordaland, KS-Hordaland og «Områdetiltak»). For å få tid til å samordne dei regionale ressursane i høve til kommunane, foreslår vi midlane vert utlyst i april/mai med søknadsfrist mai/juni. Det vert i 2000 foreslått å auka beløpet til kr 375 000,-.

2.1.2. Miljøprisen for Hordaland

Status

Miljøprisen er ei ordning som er godt innarbeidd. Sjølve prisen har vore på kr. 30 000. Kostnader til annonsering , prissymbol er ca kr. 15 000. I 1998 gjekk prisen til Norheimsund og Steinsdalen grunneigarlag.

Vidareføring i 2000

For å få til ein positiv utvikling i tråd med sentrale målsetjingar for berekraftig utvikling er det trong for engasjement frå det politiske miljø og frå lokalsamfunna sjølve. Utgangspunkt er at alle menneske i Hordaland bur i eit lokalsamfunn og er ein del av eit nærmiljø. Gode lokalsamfunn er nøkkelen til trivsel, tryggleik og livskvalitet. I 2000 foreslår vi at ein i staden for den tradisjonelle miljøprisen samarbeider med KS- Hordaland og Fylkesmannen om ein *konkurrans* om å presentere *den beste framtidvisjonen for eige lokalsamfunn*.

Målsettinga med ei slik konkurranse er å få til auka fokus på lokalsamfunnsutviklinga i kommunane. Ein tenkjer seg at det må vere opp til aktørane/deltakarane sjølv å velge presentasjonsform og innhald. Ein legg opp til eit samarbeid på regionalt nivå og statsar på å frå media og næringslivet med på prosjektet.

Planen er å presentere opplegget for kommunane i ein skriftleg invitasjon, på den årlege konferansen for områdetiltak i april og gjennom media. Presentasjon av forslaga og sjølve utdeling av prisen/prisane er tenkt i samband med ein eigen lokalsamfunns-konferanse til hausten.

Ein reknar med eit budsjett på totalt kr 200 000 til gjennomføring og til prisutdeling til vinnarane. Vi foreslår at fylkeskommunen går inn med kr. 50 000,-. Ein politisk representant frå fylkeskommunen bør vere representert i komiteen som skal vurdere kandidatane.

2.1.3. Miljørapport for Hordaland

Status

Rapporten «Miljøtilstanden i Hordaland 1999» ligg no føre i trykt versjon. Rapporten er i tillegg lagt ut på internett. Arbeidet var eit samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavingdelinga. Prosjektet vart avslutta i 1999. Det er planlagt ein revisjon kvart 4 år.

2.1.4. Hordaland på sykkel (nytt tiltak)

Innhald i prosjektet

"Hordaland på sykkel" er ein planlagt motivasjonskampanje som har som målsetting å auke bruken av sykkel som et dagleg transportmiddel i fylket. Det vil bli sett fokus på dei positive effektane for helse, miljø og trafikksituasjonen. Det legges opp til å utfordre/stimulere private og offentlege institusjonar til å legge til rette for økt sykkelbruk gjennom ein kreativ motivasjonskampanje. Fylkeskommunen vil sjølv bli utfordra gjennom denne kampanjen. Sykkel i Sentrum- prosjektet er eit samarbeidsprosjekt der Bergen kommune, Bergen politikammer og Statens vegvesen Hordaland var initiativtakarar. Desse prosjekta er det naturleg å kople saman.

Det vert fåreslått at Hordaland fylkeskommune støtter dette tiltaket med kr 30 000,- i 2000.

2.2. Dagsorden for kontakt med nasjonalt og regionalt nivå

Status

SAVOS miljøgruppe: Samarbeidsrådet for Vest og Sørlandet har ei eiga miljøgruppe. Grappa møtast jamnleg for å diskutera aktuelle miljøraker. Aktuelle tema har vore sur nedbør, vindkraft og i det siste atomforureininga i Nordsjøen. Nye tema vert tekne opp dersom dei vert aktuelle. Utgifter til deltaking vert dekkja innanfor ordinær drift.

FMN-«Fylkeskommunalt Miljøfagleg Nettverk»: Kontakt mellom dei fylkeskommunale miljø/LA 21- ansvarlege er viktig for å halda seg gjensidig orientert om fylkeskommunal miljøfagleg utvikling og å kommunisere mot sentrale aktørar som departement og KS. Forumet har arrangerer møter og studieturar for deltakarane. Hordaland er representert i forumet. Utgifter til deltaking vert dekkja innanfor ordinær drift.

Planforum: Planforum på fylkesnivå er innarbeidd. Gjennom m.a. planforum kan ein ta opp LA-21 problemstillingar med kommunane og kopla arbeidet mot fylkesplanarbeidet.

Samarbeidsforum for lokal luftforureining og støy i Hordaland: Forureiningslova har får ei ny forskrift «Forskrift om grenseverdiar for lokal luftforureining og støy». For å fylgja opp arbeidet knyta til i Hordaland har Fylkesmannen teke initiativ til oppretting av «Samarbeidsforum for lokal luftforureining og støy». Fylkeskommunen er deltakar i forumet. Fylkeskommunen sin del av utgiftene til forumet vert i 2000 dekt over ordinære driftsutgifter.

LA-21 koordinator (knutepunkt): Miljøverndepartementet og KS inngjekk ein avtale i 1998 om ein nasjonal satsing i høve til Lokal Agenda 21. Frå mars 1999 er det tilsett ein person i prosjektstilling som koordinator for LA-21-arbeidet i Hordaland. Stillinga er eit avtalt samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune, Fylkesmannen i Hordaland og KS- Hordaland. Knutepunktfunksjonen har kontor på Regional utvikling, plan og miljøseksjonen. Det er etablert ei arbeidsgruppe som består av ein representant frå Fylkesmannen i Hordaland; miljøvernavdelinga, Hordaland fylkeskommune, regional utvikling, plan- og miljøseksjonen og KS- Hordaland og koordinatoren. Det er utarbeidd prosjektplan for knutepunktet.

2.3. Dagsorden for internasjonalt samarbeid

2.3.1. North Sea Commission Environmental Group- NSCEG

Hordaland fylkeskommune er representert i Nordsjøkommisjonen si miljøgruppe. Grappa si oppgåve er å arbeide for forbetring av miljøet i Nordsjøen. Det er årlege konferansar der aktuelle miljøfaglege problemstillingar av felles interesse vert drøfta.

2.4. Dagsorden for eiga handling i fylkeskommunen

2.4.1. Grønt og utviklingsretta innkjøp

Status

Prosjektet vart fremja 1997. Det er oppretta ei arbeidsgruppe Innkjøpsseksjonen har prosjektansvaret. Det har ikkje vore budsjetterte midlar til «Grønt innkjøp» i 1999 og det har vore liten aktivitet. Tilbakemeldinga frå innkjøpsseksjonen og arbeidsgruppa er at det er trong for politisk forankring av prosjektet. Det må vedtakast ein «innkjøpspolicy» som grunnlag for vidare arbeid med prosjektet.

Vidareføring i 2000

Det vert lagt opp til å få opp ein sak om «innkjøpspolicy» til politisk handsaming i løpet av året. Det er ikkje foreslått å sette av midlar på miljøbudsjettet i 2000.

2.4.2. Energibruk i eigne bygg

Status

Prosjektet er gjennomført. Resultata er tenkt nytta i arbeidet med energiplanen.

2.4.3. Elevmedverknad i miljøarbeidet

Status

Det har ikkje vore kapasitet til å følge opp prosjektet i 1999. Det er ikkje foreslått budsjettmidlar i 2000. Ein kan evt. nytte LA-21 midlar til konkrete prosjekt.

2.5. Dagsorden for vidare planlegging

2.5.1. Energiplan for Hordaland

Status

Fylkesutvalet vedtok i møtet 16.12.99 å starte arbeid med energiplan for Hordaland. Plan og miljøseksjonen har prosjektleiinga og komite for miljø- og samferdsle er styringsgruppe for planen. Planen skal ha status som Fylkesdelplan.

Vidareføring 2000

Planarbeidet vert starta opp med energikonferanse 29.febr 2000 i samarbeid med KS-Hordaland. Forslag til budsjett for planarbeidet i 2000 er kr. 350 000,-. Vi reknar her inn utgifter til konsulenthjelp til faglege under-rapportar innafør deltema, løn til prosjektmedarbeidar og administrative utgifter. Det er planlagt å ha ferdig eit høyringsutkast i slutten av 2000. Høyring og politisk handsaming vert i 2001.

2.5.2. Fylkesdelplan for vindkraft

Status

Arbeidet med fylkesdelplan vindkraft starta i 1998, og vart ført vidare i 1999. Arbeidet har teke noko lengre tid enn venta, men nærmar seg nå slutten. Ein arealanalyse for å identifisere moglege areal for vindkraftproduksjon ved hjelp av geografiske informasjonssystem (GIS) vart utarbeidd andre halvår 1999. Her har ein brukt diverse data som syner moglege arealkonfliktar, og stilt desse saman med simulering av vindtilhøva i dei ytste kystkommunane. Eit førsteutkast til plandokument var klart i desember 1999. I byrjinga av dette året er det gjennomført møter med kommunane som er omfatta av arealanalysen og med referansegruppa. Noko materiale er også sendt ut til kommunane og kraftselskapa for kvalitetssikring og supplerande informasjon.

Vidareføring i 2000

Neste skritt vert å innarbeide dei innspela som kjem i sluttfasen. Eit endeleg høyringsutkast vert ferdig til handsaming i løpet av våren 2000. Det vert foreslått å nytte kr 220 000,- til avslutning av prosjektet. I dette beløpet er det inkludert utgifter til m.a. løn til prosjektmedarbeidar og trykkekostnader for plandokumentet/høyringsutkastet.

2.5.3. Biologisk mangfald (resipientdata i eit GIS-system)

Status

I første fase i 1998 tok ein sikte på å ta i bruk eksisterande data frå i ein kystkommune og utvikle dei i ei lett tilgjengeleg form i eit «GIS system». Prosjektet vart vidareført i 1999. Ein har lukkast i å tilretteleggje ein stor database og kopla denne mot eit klassifiseringsystem for miljøtilstanden (SFT sitt system). I neste fase kan metoden gje grunnlag for ein komplett database for eksisterande og framtidige marinbiologiske data i Hordaland knytt opp mot ein «dynamisk» fylkeskystsoneplan.

Vidareføring i 2000

Det vert foreslått å avsette kr 4000,- til prosjektet i 2000 slik at det vert mogleg å nytte datasetta som er tilrettelagt til demonstrasjon for kommunar og andre.

3. Budsjett 2000

2000-budsjettet er redusert med kr. 200 000,- høve til rammene for miljø/LA-21i 1999. Budsjett for 2000 vert foreslått som følgjer:

Prosjekt og aktivitetar 2000	Budsjett
Regionale LA 21 møteplassar og støtte til LA 21 prosjekt i kommunane	375 000,-
Miljøprisen/Samarbeid om «Pris for beste lokalsamfunns visjon»	50 000,-
Hordaland på sykkel (nytt tiltak)	30 000,-
Fylkesdelplan vindkraft	220 000,-
Fylkesdelplan energi	350 000,-
Biologisk mangfald (resipientdata i eit GIS-system)	4 000,-
Sum	1029 000,-